

Åmotsdal Bygdeutvikling.

06.12.2016

**N V E konsesjonsavdelinga,
0301 OSLO.****Uttale til revisjon av konsesjonsvilkåra for Seljord- og
Sundsbarmreguleringane i Telemark.**

Er kjendt med at det skal føretakast ein revisjon av konsesjonsvilkåra for Seljord- og Sundsbarmreguleringane ,og vil i den samanheng koma med nokre innspel og kommentarar. Åmotsdal Bygdeutvikling er eit lag/forening som tek opp aktuelle saker som vedkjem ålmenta, og har som føremål å fremja utvikling og trivnad i bygda.

Vil då få påpeike følgjande :

Sidan reguleringa har elveløpet gjennom bygda vorte utsett for mykje attgroing, buskas og tre på begge sider har hatt ein kraftig vekst, slik at elveløpet har vorte innsnevra, og bremsar på fri flyt av vatnet. Det er særleg merkbart når det er flaum i vassdraget. Det same gjeld og problem med å taka seg inn til elvebreidda med tanke på fisking og vatning av dyr. Det bør og ryddast rundt dei naturlege kulpane i elva, som er dei einaste plassar det er mogleg å få fisk etter reguleringa, slik at ungar og andre kan ha gleda av å få gå med ei fiskestang og kanskje få eit napp ! Dette gjeld heile vassdraget gjennom bygda nedanføre tunnelliintakta.

Åmotsdal Bygdeutvikling meiner det må vera regulanten sitt ansvar å halde elveløpet ope og reint, både når det gjeld førebygging av flaumskader og korleis det ser ut reint utsjänadsmessig.

Ein har også merka seg at minstevassføringa nedanføre tunnelliintakset til tider er svært låg, volumet på vassføringa må fylgjast opp i samsvar med konsesjonsvilkåra.

Vonar desse merknadane kan takast med i den vidare handsaminga av konsesjonsvilkåra, og føre til at desse tiltaka som me nevner kan verta gjennomførte.

Venleg helsing Åmotsdal Bygdeutvikling. Reidun Groven. (leiar)

